



Eid kommune

Rådmann

Sogn og Fjordane Fylkeskommune Postmottak

Vår ref:

19/165-2/ FA-N06 HSI

Dykkar ref.**Dato:**

07.06.2019

Sak om skuleskyss Haugen

Kommunestyret- 007/19, har i møte 30.01.2019 fatta følgjande vedtak:

Vedlagd brev blir sendt til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune, Kunnskapsdepartementet og Utdannings- og forskningskomitéen på Stortinget.

Vedtaket kan påklagast, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunktet medling om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf. forvaltningslova § 29.

Med helsing

Åslaug Krogsæter
rådmann

Harald Sivertsen
kommunalsjef oppvekst og kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Adresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org. nr

938521816

E-post

post@eid.kommune.no

Internett

www.eid.kommune.no



Eid kommune

Arkiv: FA-N06
JournalpostID: 19/906
Saksbehandlar: Harald Sivertsen
Vedtaksdato: 17.01.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/19	Formannskapet	24.01.2019
007/19	Kommunestyret	30.01.2019

Sak om skuleskyss Haugen

Bakgrunn for saka:

Haugen Bygdeutviklingslag og foreldre til elevar i vidaregåande skule busett på Haugen har vendt seg til Eid kommune om den trafikkfarlege skulevegen mellom Haugen og Nordfjordeid langs Rv15.

Skysreglane i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane fastset ei absolutt minimumsgrense på 6 km for rett til skuleskyss - uavhengig av kor trafikkert eller dårleg tilrettelagt for gåande og syklende skulevegen er. Dette i motsetnad til skysreglane for grunnskulen, der det er mulig å gjere slike skjønsmessige vurderingar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlagd brev blir sendt til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane og Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune.

Vedlegg i saka:

17.01.2019 Skuleskyss på farleg riksveg (002) 1411998

Formannskapet 24.01.2019:

Handsaming:

Framlegg frå Sigurd Reksnes (Sp)

Brevet skal også sendast til Kunnskapsdepartementet og Utdannings- og forskningskomitéen på Stortinget.

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

F- 006/19 Vedtak:

Vedlagd brev blir sendt til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune, Kunnskapsdepartementet og Utdannings- og forskningskomitéen på

Stortinget.

Kommunestyret 30.01.2019:

Handsaming:

KS- 007/19 Vedtak:

Vedlagd brev blir sendt til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune, Kunnskapsdepartementet og Utdannings- og forskningskomitéen på Stortinget.

Vurdering:

Eid kommune er samde i at dagens regelverk gjev svært uheldige utslag for elevane dette gjeld. Saka kan berre løysast på fylkesnivå eller nasjonalt nivå gjennom endring av regelverk. Ordførar og Kommunalsjef oppvekst har saman forfatta eit utkast til brev om saka til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane og Fellesnemnda for Vestland, som med dette blir lagt fram for Kommunestyret.